



Handlingsplan for å skape eit trygt og godt skudemiljø

Revidert november 2019

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skudemiljø som fremmar helse, trivsel og læring (opplæringslova § 9a-2).

Innhald

Handlingsplan for å skape eit trygt og godt skudemiljø	1
1. Innleiing	2
1.1. Mål	2
1.2 Lovverk	2
2. Fremme eit trygt og godt skudemiljø	3
3. Førebygge mobbing og andre krenkingar	8
3.1 Tilsyn	8
3.2 Systematiske undersøkingar av skudemiljøet	8
3.3 Arbeid med sosial kompetanse	8
3.4 Klasseleiing som førebygger mobbing	9
1.3 Definisjonar	10
Krenkingar	10
Digitale krenkingar	10
Mobbing	10
4. Handtering av mobbing og andre krenkingar	11
6. Dokumentasjon	18
7. Informasjonsplikt og klagerett	18
6. Vedlegg	19
Vedlegg 1. Strategiar for førebygging av disiplinproblem og mobbing	19
Vedlegg 2. Rutinar ved mistanke eller kunnskap om mobbing	21
Vedlegg 3 Varslingsskjema	22
Vedlegg 4. § 9A - AKTIVITETSPLAN	23



1. Innleiing

1.1. Mål

Skulane i Øystre Slidre har utarbeidd ein handlingsplan som gir innsikt i korleis vi kan arbeide med å fremme eit trygt og godt skulemiljø, og førebygge mobbing og andre krenkingar. Planen beskriv korleis skulen handterer mobbing og andre krenkingar. Skulane i Øystre Slidre praktiserer nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Nulltoleranse betyr at vi grip raskt inn kvar gong det skjer noko som kan medføre at elevar ikkje har det trygt og godt på skulen.

1.2 Lovverk

SNs barnekonvensjon gir barn grunnleggande menneskerettar.

Barnekonvensjonen har fire sentrale prinsipp som er førande:

- Barns rett til vern mot diskriminering (artikkel 2)
- Barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn (artikkel 3)
- Retten til liv og plikta til å sikre utvikling (artikkel 6)
- Barns rett til å bli høyrde (artikkel 12)

Formålsparagrafen i opplæringslova gir verdigrunnlaget for skulen. Elevane skal mellom anna utvikle «kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet».

Opplæringslova § 9 A gir alle elevar i grunnskular og vidaregåande skular rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremmar helse, trivsel og læring. Dette omhandlar det som skjer på skuleområdet i skuletida, på skulevegen, på turar og arrangement i skulens regi i og utanfor skuletida. I tillegg gjeld det krenkingar og mobbing som skjer utanfor skuletida, og som påverkar elevens kvardag.

Opplæringslova § 9 A -10 Ifølgje opplæringslova skal kommunen gi forskrift om ordensreglement for kvar enkelt grunnskule. I Øystre Slidre beskriv ordensreglementet rettane og pliktene til elevane, forventa åtferd og sanksjonar ved brot på forventningane.



2. Fremme eit trygt og godt skolemiljø

Retten til eit trygt og godt skolemiljø etter § 9 A-2 gjeld for alle elevar på barnetrinnet, ungdomstrinnet og vidaregåande skule. Det gjeld i timar og friminutt på skulen, på skulevegen, skulebussen og i leksehjelp som er i skulens regi og i skulefritidsordninga (SFO). Reglane gjeld og når skulen, leksehjelpa eller SFO har aktivitetar utanfor skulens bygningar/område, eller er i lokale utanfor skulens område.



Dersom elevane opplever noko på fritida som påverkar skolemiljøet og gjer at dei ikkje har det trygt og godt på skulen, så har skulen plikt til å handle i samsvar med aktivitetsplikta.

Tiltak for å fremme helse, trivsel og læring			
Kva skal skje	Når	Korleis	Ansvarleg
Den autoritative vaksne	Gjennom året	Skulen arbeider med å sikre autoritativ praksis ved å lese faglitteratur, observere kvarandre og gi kvarandre tilbakemelding. Den autoritative vaksne er også tema på medarbeidarsamtale.	Leiinga
Bygge samhald i klassa	Kvar dag	Autoritative vaksne	Kvar enkelt lærar/ vaksen på skulen
Klassetimen (heil eller halv time etter behov)	Kvar veke	Samtale, leikar for å styrke sosialt samhald, diskusjon/refleksjonsoppgåver	Kontaktlærarar
Arbeide for ei «vikkjensle» både i klassa, men også på heile skulen	Kvar dag	Autoritative vaksne Og gjennom felles aktivitetar, felles samlingar	Kvar enkelt lærar/ vaksen på skulen
Vise interesse for og byggje relasjon med elevane	Kvar dag	Vere gode rollemodellar Vere delaktige i leik og aktivitet saman med elevane.	Kvar enkelt lærar/ vaksen på skulen
Skulen arbeider systematisk med sosialkompetanse	Kvar dag/ veke	Dei vaksne rettleiar elevane i daglegdagse situasjonar. Bruk av Zippys venner (1. og 2. klasse). Steg for stege 1.-7. klasse.	Kontaktlærar/ Kvar enkelt vaksen på skulen
Foreldreskule	Hausten	Foreldreskule for foreldre i 1. klasse 1. skuledag + to kveldar i løpet av hausten/vinteren. Foreldreskule for foreldre i 5. klasse, ein ekstra kveld på hausten.	Rektor, helsesjukepleiar, kontaktlærar



Foreldremøte med nye 1. klasse	Haust	Skulen og barnehagen har felles møte for neste års skulestartarar. For å gjere overgang mellom skule og barnehage så bra som mogleg. Drøftar forventningar til skulen og siste året i barnehagen.	Rektor og styrarar i barnehagane
Leikegrupper	Kvar veke	Leikegrupper for 1.-7. klasse to eller fleire friminutt i veka. Vaksne lagar grupper. Klassa kan ha eigen «leikebank» om dei ikkje blir einige om aktivitet. Lærar følgjer opp leikegrupper før, under og etter friminutt	Kontaktlærarar
Vennegrupper	Heile året	Kontaktlærar set opp vennegrupper for 1.-4. klasse før haustferien. Ca. 4 elevar på kvar gruppe. Alle elevane i ei gruppe er på besøk hjå kvarandre i løpet av skuleåret. Når foreldre hentar, kjem dei inn på ein kaffikopp slik at dei fire foreldrepara og blir godt kjende.	Kontaktlærar + foreldre i klassa
Skulen set av tid til å «rydde opp» i konfliktar. Låg terskel for kontakt med heimane ved krenkande åtferd som fysiske konfliktar eller grov språkbruk.	Ved behov	Samtale med elevane ein og ein for å få oversikt over hendingssforløpet. Rettleie elevar i korleis dei kan handle annleis ein annan gong. Vurdere om ein skal ringe heim for å informere om konflikten. Hugs låg terskel for å ta kontakt.	Kvar enkelt lærar/ vaksen på skulen Rektor bistår ved meir alvorlege saker
Bli kjend-aktivitetar	Første skuleveke i august	Finn inspirasjon til leikar i bøkene <i>Klasseledelse og relasjonsbygging</i> , <i>Klasseledelse og relasjoner</i> eller <i>Ingen utenfor</i>	Kontaktlærarar
«Leikedag»	Fredag i første skuleveke	Fredag før lunsj – elevane i ulike grupper frå alle klasser (faddergrupper saman). Lærarar instruerer leikar, og gruppene er innom alle stasjonar.	Lærarar base 2 organiserer
BLIME-dansen	August-september	Alle klasser øver på BLIME-dansen. Dansen skal dansast ute på BLIME-dagen i september.	Alle lærarar. Ansvarleg for kulturvertane set på musikk ute når vi skal danse saman.



Fjelltur	Veke 35/36	Heile skulen har ein felles fjelltur. Klassene går samla og et samla. Skape gode opplevingar saman	Turkomitéen
SPEKTER	Veke 37–38	Spekter skal gjennomførast i 3.–7. klasse i veke 37–38. Kontaktlærar gjennomfører oppfølgingssamtaler med elevane ved behov.	Kontaktlærarar
«Mini-spekter»	Veke 37–38	«Mini-spekter» skal gjennomførast munnleg med 1. og 2. klasse.	Kontaktlærarar
Elevsamtalor	Veke 38–39	Kontaktlærar har elevsamtalor med alle elevane	Kontaktlærar
Utviklingssamtaler	Innan veke 45	Utviklingssamtaler med elev og foreldre skal gjennomførast innan veke 43. Skulemiljø, trivsel er viktige tema.	Kontaktlærar
Relasjonskartlegging	Veke 45	Alle vaksne på trinnet bruker relasjonskartleggaren. Sjå på resultat på klasseteam. Set inn tiltak om naudsynt.	Kontaktlærar
Aktivitetar med fadderborn	Min. to gonger pr. halvår	Innhald for aktiviteten skal avtalast kontaktlærarar imellom. Ein kan finne inspirasjon til leikar i bøkene <i>Klasseledelse og relasjonsbygging, klasseledelse og relasjoner</i> eller <i>ingen utenfor</i> .	Kontaktlærarar i klassene. 1. og 2. tek initiativ i september og februar, 6. og 7. tek initiativ i desember og juni
Relasjonskartlegging	Veke 4	Alle vaksne på trinnet bruker relasjonskartleggaren. Sjå på resultat på klasseteam. Evaluér tiltak, set ev. inn nye.	Kontaktlærar
Spekter	Veke 3	Vurder om det er naudsynt å bruke Spekter før elevsamtalor også på våren.	Kontaktlærarar
Elevsamtalor	Veke 3–4	Kontaktlærar har elevsamtalor med alle elevane	Kontaktlærar
Utviklingssamtaler	Innan veke 9	Utviklingssamtaler med elev og foreldre skal gjennomførast innan veke 9. Skulemiljø, trivsel er viktige tema.	Kontaktlærar
Skitur		Heile skulen har ein felles skitur. Klassene går samla og et samla. Skape gode opplevingar saman.	Turkomitéen
Aktivitetsdag ute, ski/aking etc.		Ein halv eller heil dag der mellomtrinnet først lagar til løyper, hopp etc., og så har dei aktivitetsdag ute. 1.–4.	Turkomitéen



		klasse har ein halv aktivitetsdag dagen etterpå.	
Lesevake	April (verdas bokdag)	5. klasse har lesevake frå torsdag til fredag. Dei les bøker, rebus, leikar. Overnattar i gymsalen	Kontaktlærarar 5. klasse, foreldre i 5. klasse stiller som kvelds-/nattevakt.
Relasjonskartlegging	Veke 14	Alle vaksne på trinnet bruker relasjonskartleggaren. Sjå på resultat på klasseteam. Evaluér tiltak, set ev. inn nye.	Kontaktlærar
Besøksdag nye 1. klasse	juni	Nye 1. klasse kjem på besøk. Faddergrupper viser elevane rundt på skulen og uteområdet. Bli kjent leiker. Barna får helse på kontaktlæraren for 1. klasse	Kontaktlærar 5. klasse, ny kontaktlærar i 1. klasse
Felles sommaravslutning 1.–6. klasse	juni	1.–6. klasse viser felles underhaldning ute/ i gymsalen. Samlast klassevis ute på teppe / i klasserom for mat etterpå.	Klassekontaktar + FAU 1.–6. klasse
Avslutning for 7. klasse	juni	7. klasse står for underhaldning. Foreldre tek med mat, kaker og kaffi. Lærarar, rektor og foreldre held tale.	Kontaktlærar 7. klasse + klassekontakt

Kva kan elevane gjere for å fremme eit godt skulemiljø?

August	Val av elevrådsrepresentantar Elevrådet konstituerer seg, val av leiar, nestleiar og representantar til SU/SMU «Bli kjend-kveld for elevrådet» for eksempel bowling, spel ...
September	Elevrådet arrangerer stikkballturnering. 1.–2., 3.–4., 5.–6.. Vinnar av 1.–2. spelar mot vinnar 3.–4., vinnar av 5.–6. spelar mot 7. etc. Når ein har ein vinnar blant elevane, får klassa spele mot lærarane i superfinalen.
Oktober	Gjennomgang av ordensreglement og plan for trygt og godt skulemiljø. «Mobbeteikning» – går rundt i klassene og informerer.
November	Elevrådet arrangerer «Happy-days»
Desember	«Julekalender med aktivitetar, elevrådet involvert i nokre av dei»
Januar	Elevrådet arrangerer speldag i friminuttet
Februar	Elevrådet arrangerer speldag i friminuttet
Mars	Elevrådet arrangerer erteposeturneringar.



	1.–2., 3.–4., 5.–6. Vinnar av 1.–2. spelar mot vinnar 3.–4., vinnar av 5.–6. spelar mot 7. etc. Når ein har ein vinnar blant elevane, får klassa spele mot lærarane i superfinalen.
April	Elevrådet på mellomtrinnet arrangerer felles påskelunsj for mellomtrinnet. Elevar tek med mat, og dei et i lag med lærarar/assistentar på trinna.
Mai	Elevrådet arrangerer «Happy-days»
Juni	«Avslutningskveld for elevrådet»

Kva kan foreldre gjere for å fremme eit godt skulemiljø?

På foreldremøte hausten 2019 var fellesarrangement eit tema, og FAU laga i etterkant eit årshjul med nokre faste aktivitetar og nokre forslag til aktivitetar. Skulen og FAU anbefaler alle klassekontaktar til å ha minst to arrangement for heile klassa i løpet av skuleåret.

Årshjul for klassekontakt/FAU-representant:

Klasse	Faste aktivitetar der klassekontakt/FAU har ansvar	Skulen råder alle klasser til å ha minst to treff i løpet av skuleåret. Her er nokre forslag til aktivitetar:
1.	Påskefrukost	<ul style="list-style-type: none">- <i>Foreldrenettverksmøter</i>- <i>Ettermiddagstur med pølsegrilling</i>- <i>Felles halloweefest</i>- <i>Treff ved bålpanna</i>- <i>Lommelykttur</i>- <i>Gå julebukk</i>- <i>Akedag</i>- <i>Hovudlykttur</i>- <i>Lage og spise mat saman på skulen</i>- <i>tur til Vitensenteret/ Bjørneparken el lign.</i>
2.	Juletrefest Påskefrukost Besteforeldrekkaffe	
3.		
4.		
5.	Lesevake	
6.	17. mai	
7.	Bli kjend arrangement med Lidar (Lidar ansvar haust, Rogne ansvar vår) Julebukkmoro	



3. Førebygge mobbing og andre krenkingar

Skulane i Øystre Slidre har valt fire fokusområde i det førebyggande arbeidet.

3.1 Tilsyn

Skulegarden og skulebygningane skal vere trygge område å vere for alle elevar. Tilsyn skal skje i samsvar med tilsynsplan. Planen inneholder detaljar for kor og korleis tilsynet skal gjennomførast.¹



Alle elevar skal ha det trygt og godt ved av- og påkledning i samband med kroppsøving. Vaksne skal vere til stades i garderobeområdet og i gymsalen så lenge det er elevar der. Dersom det viser seg nødvendig, skal vi setje inn meir tilsyn.

3.2 Systematiske undersøkingar av skolemiljøet

Vi gjennomfører elevundersøkinga (Udir) kvar haust på 5.–10. trinn. Team evaluerer resultata for å finne ut av kva vi er gode på, og finn målsetjingar for vidare arbeid. To gonger i skuleåret gjennomfører vi elevsamtal og utviklingssamtaler. Skolemiljø og mobbing er eit sentralt tema i samtalene. I forkant av elevsamtalene på hausten lagar skulane sosiogram for å kartlegge relasjonane elevane imellom. Ved mistanke om mobbing eller at elevar er einsame på skulen i løpet av skuleåret, vil samtaler og sosiogram vere ein naturleg del av ein undersøkingsfase.

3.3 Arbeid med sosial kompetanse

Skulane arbeider aktivt med å utvikle elevens sosiale kompetanse ved å ha fleire sosiale arrangement for å skape samhald. På barneskulen har 6. og 7. klasse fadderborn og får øve på ansvarlegheit og omsorg i samspel med fadderborna. Elevane trener spesifikt på ferdigheter innanfor temaa omsorg, empati, samspel, sjølvtillit, sjølvkontroll, ansvarlegheit, humor og glede gjennom arbeidet med sosial kompetanse. Arbeidet med sosial kompetanse er forankra i formålsparagrafen i opplæringslova, som seier at elevar skal utvikle kunnskap som gjer dei i stand til å meistre livet og delta i sosiale fellesskap med andre. Kapittel 9 A i opplæringslova presiserer skulens plikt til å arbeide førebyggande for å fremme trivsel blant elevane, og systematisk arbeid med sosial kompetanse er og nødvendig for å oppnå målsetjingane i generell del av læreplanen Kunnskapsløftet.



3.4 Klasseleiing som førebygger mobbing

3.3.1 Relasjonar

«Av alle moglege vinklingar på antimobbing, er relasjonsarbeid den mest sikre. Sterke relasjonar mellom alle elevane i ei klasse, er den einaste psykologiske barrieren som kan stoppe mobbing. Empatisk innleving i den andre si oppleving av krenkingar og sårbarheit er den einaste effektive hindring av mobbing og krenkingar.» *Jan Spurkeland*

På skulen arbeider vi med å skape ein god relasjon mellom lærar og elev, og elevane imellom. I arbeidet med klasseleiing følgjer vi Erling Rolands tips «strategiar for forebygging av disiplinproblem og mobbing»².

- i. Gode lærar/elev-relasjonar
- ii. Gode rutinar i klassa
- iii. Felles perspektiv. Felles reglar og normer.

Skulen er oppteken av å vere ein «vi-skule», skape gode felles opplevelingar som t.d. fjelltur, skitur og bruk av uteskule for å arbeide med team-building og sosial kompetanse. Elevane deltek når det skal lagast nye klasseregular kvar haust.

Lærarane kartlegg regelmessig eigne relasjonar til elevane, og relasjonar elevar imellom. Ut frå resultata arbeider dei systematisk for å forbetra relasjonar. Gode og tillitsfulle relasjonar mellom vaksne og barn er ein nødvendig føresetnad for at barn skal tote å varsle om mobbing.

Leikegrupper i enkelte friminutt kan vere eit tiltak. Alle klasser arbeider med «læringspartnar», og elevane får diskutere, undre og resonnere saman med ein medelev. 6.- og 7.-klasseelevar er fadrar for 1. og 2. klasse og har fleire faste aktivitetar saman i løpet av skuleåret.

3.4.1 Elevrådsarbeid

Elevrådet skal fremme fellesinteressene til elevane på skulen og arbeide for å skape godt lærings- og skolemiljø. Rådet skal også kunne uttale seg i og kome med framlegg i saker som gjeld nærmiljøet til elevane.

I Øystre Slidre vel vi ein representant frå kvar klasse i 3.–10. klasse til å delta i elevrådet. Elevar i 1. og 2. klasse byter på å kome for å bli kjent med arbeidet. Elevrådet skal arbeide for å skape eit sosialt fellesskap, utvikle arbeids- og læringsmiljøet og sikre at elevane sine rettar blir sikra. Ved skulestart lagar dei eit årshjul for korleis dei ynskjer å arbeide det komande skuleåret. Ein fast aktivitet er at elevrådet i september får opplæring i kva mobbing og krenkingar er, og korleis dei kan bidra til å førebygge og stoppe mobbing.

¹ Strategiar for forebygging av disiplinproblem og mobbing – sjå vedlegg



1.3 Definisjonar

Krenkingar

Ei krenking kan vere eit ord eller ei handling som eleven opplever som krenkande for verdigheita og integriteten, eller som gjer at dei føler seg ekskluderte frå eit fellesskap. Krenkingar kan vere ord eller handlingar som gjer at elevar blir såra og ikkje har det bra. Krenkingar kan vere frå enkeltståande hendingar til gjentakande episodar. Det kan vere plaging, kommentarar, knuffing, baksnakking, ryktespreiing, utfrysing eler andre handlingar som fører til at eleven opplever utryggheit, ubehag og å bli ekskludert. Både barn, unge og vaksne kan krenke.

Digitale krenkingar

Dei digitale krenkingane kan opplevast som like belastande som krenkingar som føregår ansikt til ansikt. Mange digitale krenkingar kan vere straffbare handlingar. Straffelova og åndsverklova er også gjeldande for digitale handlingar og digitale rom. I tillegg til å setje inn sanksjonar overfor elevar etter ordensreglementet kan det vere behov for å politimelde digitale krenkingar.

Mobbing³

*Med mobbing meiner ein gjentekne negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein elev som kan ha vanskeleg for å forsvare seg.
Mobbing kan vere å kalle ein annan stygge ting og erte, halde ein annan utanfor, baksnake eller slå, dytte eller halde fast.*

Krenkingar blir til mobbing når åtferda er gjenteken negativ og kjem frå ein eller fleire mot ein elev som har vanskeleg for å forsvare seg. Gjenteken erting som er sårande og ubehageleg, er òg mobbing. Mobbing skil seg frå ein konflikt og krev andre tiltak enn tradisjonell mekling, fordi mobbing er overgrep, og mobbing må stoppast.

Uavhengig av definisjonane ovanfor er det den subjektive måten elevane opplever skolemiljøet som skal ligge til grunn for skulens arbeid, og som utløyser skulens aktivitetsplikt etter opplæringslova § 9 A-4 og § 9 A-5. Alle elevar og foreldre skal oppleve at dei blir møtte med respekt, at vi tek ansvar og viser omsorg.

³ Udir



Eksempel på kva mobbing kan vere

- Eleven blir gjentekne gonger erta, kalla stygge ting, får nedsetjande klengenamn, blir håna, audmjuka, latterleggjord, skremd, nedverdiga, trua, gitt ordrar, hersa med, undertrykt eller liknande
- Eleven blir ledd av på ein uvennleg og spottande måte
- Eleven blir bevisst utestengd frå fellesskapet
- Eleven får kommentarer på sosiale medium på internett

Eksempel på skjult mobbing

- Blikk, grimasar etc.
- Baksnakking
- Manipulasjon gjennom venner
- Eleven får ingen invitasjon til å delta verken i leik eller idrett
- Ingen pratar med eleven, som systematisk blir oversett

Moglege teikn på at ein elev blir mobba⁴

- Kjem heim med øydelagde klede, øydelagde bøker, øydelagd sekk eller anna utstyr
- Har blåmerke, skadar, kutt og skrammer utan noka truverdig forklaring på korleis dei har oppstått
- Tek ikkje med seg venner heim og er sjeldan heime hjå skulekameratar
- Eleven isolerer seg
- Verkar redd eller har motvilje mot å gå på skulen
- Skuleprestasjonane går ned
- Eleven byrjar sjølv å plage andre
- Har ofte dårlig appetitt, stadig vondt i magen eller hovudet
- Har negativt sjølvbilete, er ulykkeleg og verkar ofte trist

Teikna kan ha heilt andre årsaker enn mobbing, men om du ser fleire av desse endringane hjå barnet/elevn, bør du alltid undersøke nærmare.

4. Handtering av mobbing og andre krenkingar

For å vareta retten til kvar enkelt etter § 9A-2 har skulen ei skjerpa aktivitetsplikt som følgje av opplæringslova § 9A-4 og § 9A-5.



⁴ Roland, E. (1997). *Mobbing – håndbok for foreldre*. Rebell forlag.



1. **Følgje med og fange opp** – alle som arbeider på skulen har individuell plikt til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, gjennom å overvake og aktivt observere. Dette inneber:
 - Prate med elevane
 - Vere obs. på endringar hjå elevane eller i klassemiljøet
 - Fange opp når elevar fortel om mistriksel for eigen del eller på vegner av andre
 - Fange opp sosiale endringar mellom elevane, kven er saman, og kven er ikkje saman?
 - Vere lydhøyre for meldingar frå foreldre og andre meldingar inn til skulen om enkeltelevar eller klassemiljø
 - Gjennomføre og analysere elevundersøkinga 5.–10. klasse årleg.
 - Gjennomføre Spekter + oppfølgingssamtaler på hausten og ev. i løpet av skuleåret ved behov.

Ein føresetnad for at ein skal kunne handle, er at ein får kjennskap til at ein elev ikkje har eit godt og trygt skolemiljø. Alle tilsette skal ha kjennskap til «rutinar ved mistanke om mobbing».⁵

2. **Gripe direkte inn** – alle som jobbar på skulen, har individuell plikt til å gripe inn og stanse negativ oppførsel med ein gong, som for eksempel ein slåstkamp, ein utfrysingssituasjon, eller stanse og rettleie elevar eller tilsette som krenker andre verbalt. Det er også viktig å gripe inn ved usikre observasjonar. Er du usikker på kva som skjer, gå bort og undersøk nærmare. Hør med barna kva dei gjer, og korleis det går. Eit viktig prinsipp når ein grip inn, er å gi støtte til den utsette eleven, og tydelege stopp-krav til den/dei som utfører negative handlingar.
3. **Varsle** – alle som jobbar på skulen, har individuell plikt til å varsle skuleleiinga ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. På skulane i Øystre Slidre nyttar vi eit skriftleg varslingsskjema. Dette gjeld både der elevar krenker elevar, og der tilsette krenker elevar.

Alvorlege hendingar skal varslast straks. Mindre alvorlege hendingar kan vente til slutten av dagen eller veka. Ved alvorlege hendingar skal rektor varsle skuleeigaren.

Kva ein ser på som alvorleg, må dei tilsette som avdekker saka, vurdere. Eksempel på alvorleg mobbing:

- Bruk av vald
- Om fleire elevar er involverte i mobbing av ein elev
- Situasjonar der krenkinga har føregått over tid, utan at skulen har klart å løyse saka

⁵ Rutinar ved mistanke om mobbing – sjå vedlegg nr..



- Digital mobbing på tvers av skular og grove truslar gjennom sosiale medium

Om ein tilsett oppdagar at ein annan tilsett krenker elevar, skal vedkomande straks varsle rektor, som igjen skal varsle skuleeigar. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenker, skal skuleeigaren varslast direkte.

4. **Undersøke** – skulen skal undersøke alle saker der det er mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Undersøkinga skal starte snarast, og innan fem dagar. Om det er ein tilsett som krenker, er det endå strengare krav til å undersøke saka med ein gong. Leiinga og læraren avgjer i samarbeid omfanget av undersøkingane.

Plikta til å undersøke betyr at skulen skal undersøke elevens oppleveling av skolemiljøet.

Skulen skal ikkje skaffe og vurdere bevis for eller imot at eleven er blitt krenkt eller mobba.



Undersøkinga må ha som føremål å få fram fakta om situasjonen og kva som påverkar korleis eleven opplever skolemiljøet. Ein bør ha forslag til korleis ein kan gå inn for å undersøke. Er ikkje sikkert ein treng å gjennomføre alle undersøkingar, rektor og lærarar vurderer saman korleis dei ynskjer å undersøke.

Kva	Kven	Korleis	Når
Observere elevar i samspel med andre i ulike situasjonar	Kontaktlærar, sosiallærar, rektor	Systematisk observasjon med <i>innblikk-metoden</i>	Raskt etter å ha drøfta bekymring med rektor
Bruke ikkje-anonyme undersøkingar som til dømes Spekter Link til spekter	Kontaktlærar/ lærarar på teamet	Lærar gjennomfører spekter, resultat blir drøfta på team med rektor	Raskt etter å ha drøfta bekymring med rektor
Sosiogram	Kontaktlærar/ lærarar på teamet	Lærar lagar sosiogram, resultat blir drøfta på team med rektor	Raskt etter å ha drøfta bekymring med rektor
Kartleggingssamtale med elev som ikkje har eit trygt skolemiljø – sjå rettleiing Spekter på korleis ein gjennomfører kartleggingssamtaler.	Kontaktlærar, sosiallærar, rektor eller ein annan som eleven har ein god relasjon med	Ver bevisst på kroppshaldning og ord ein nyttar i samtala.	Raskt etter å ha drøfta bekymring med rektor
Kartleggingssamtale med rapporterte elevar / andre elevar i klassa – sjå rettleiing Spekter på korleis ein gjennomfører kartleggingssamtaler	Kontaktlærar, sosiallærar, rektor eller ein annan som eleven har ein god relasjon med	Ver bevisst på kroppshaldning og ord ein nyttar i samtala.	Raskt etter å ha drøfta bekymring med rektor



5. Setje inn tiltak og evaluere

Basert på dei undersøkingane som er gjennomførte, vil leiinga ved skulen finne ein konklusjon i samråd med lærarar til involverte elevar. Dersom undersøkinga viser at ein elev ikkje har det trygt og godt, pliktar skulen å setje inn eigna tiltak. For å finne fram til eigna tiltak er det viktig å vareta barnas rett til å bli høyrd og omsynet til barnas beste. Det er viktig å vurdere kva tiltak som varetak barnas interesser best mogleg. Av og til kan eleven motsetje seg tiltak sjølv om skulen ser at det er til beste for eleven. Her kan omsynet til barnets beste vege tyngre enn elevens rett til å bli høyrd.

Skulens tiltaksplikt strekker seg lenger enn til dei tilfella der eleven eller foreldra seier ifrå og ber om hjelp. Tiltaksplikta blir utløyst ved at skulen avdekker at eleven ikkje har eit godt skolemiljø. Dersom skulen er i tvil om eleven/foreldra ynskjer at det skal setjast i verk tiltak, skal skulen spørje direkte. Eleven og foreldra er i ein sårbar situasjon, og skulen skal handtere alle spørsmål på ein profesjonell måte gjennom anerkjennande, open og likeverdig dialog. Skulen og heimen må bli einige om kor ofte dei skal ha kontakt.

Tiltak bør rettast mot:

- den som blir krenkt/mobba
- den/dei som krenker/mobbar
- tilskodarar
- gruppa eller klassemiljøet
- heile skalemiljøet

Undersøkinga kan t.d. vise til at ein elev er utrygg, einsam, eller at eleven opplever mobbing. Ut ifrå konklusjonen vil skulen setje i gang hensiktsmessige tiltak. Det skal utarbeidast ein aktivitetsplan⁶ som seier noko om:

- a) kva for eit problem tiltaka skal løyse
- b) kva for tiltak skulen har planlagt
- c) når tiltaka skal gjennomførast
- d) kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaka
- e) når tiltaka skal evaluerast. I evalueringa vil ein vurdere om tiltaka skal oppretthaldast, endrast eller avsluttast.

Om undersøkinga viser at ein elev er einsam, vil ein arbeide med elev-elev-relasjonar, vaksen-elev-relasjon med tiltak som t.d. leikegrupper, fast læringspartnar i ein periode, framsnakking av elev og anna.

⁶ Aktivitetsplan for skulane i Øystre Slidre – Sjå vedlegg nr. 5



Om undersøkinga viser at ein elev blir utsett for mobbing, har vi klare tiltak:

1. 2–3 samtaler med eleven som blir utsett for mobbing, for å trygge eleven. Bekrefte at vi veit kva som føregår, og at vi skal stoppe dette.
2. Individuelle «stopp-samtaler» med elevar som mobbar.
3. Om fleire er involverte i mobbinga: stopp-samtale først individuelt og så ei samla samtale med alle som mobbar. Appellere til samarbeid for å få slutt på mobbinga.
4. Møte med dei involverte og foreldra deira, helst same dag. Møte kvar for seg.
5. Skulen følger opp dei involverte elevane tett dei komande dagane, og så lenge det er naudsynt.
6. Dersom mobbing ikkje tek slutt, vil dette få konsekvensar for den/dei som gjer det, basert på skulens ordensreglement.

Mobbing kan medføre seinskadar, og skulen skal setje inn nødvendige oppfølgingstiltak etter at mobbinga har stansa. Det kan og vera naudsynt med oppfølgingstiltak til elevar som har utført mobbing.

Vegen å gå når ein skal finne tiltak:





Viktige utgangspunkt	Fokus i oppfølgingsarbeid	Ved meir alvorlege situasjonar
Éin vaksen følgjer den som har blitt mobba. (Den vaksne må vere ein eleven har tillit til)	Sosial inkludering	Kognitiv åtferdsterapi (Psykisk helse / BUP)
Støttesamtaler med ein vaksen på skulen	Sjøvbiletebygging	Traumefokusert behandling (Psykisk helse / BUP)
Arbeidet må baserast på tillit (eleven må vere med og velje kven som skal vere med på å følgje opp eleven)	Sjølvbiletebygging	Traumefokusert behandling (Psykisk helse / BUP)
Identifisering av elevens behov for tilpassing av tiltak for å bli resosialisert. Bevisst bruk av læringspartner – kven skal sitje med kven.	Trening på sosialdugleik	Mobbar har friminutt på andre tidspunkt
Individuell plan med mål	Relasjonelt arbeid (vennskap)	
Arbeidet pågår til den som vart mobba, har det bra	Sjølvhevdningstrening	

Viktig at tiltak blir planlagde, iverksette og evaluerte i samråd med eleven, foreldre og ev. instansar som er inne for å hjelpe til.



6. Dokumentasjon

Skulen må dokumentere skriftleg det som blir gjort for å sikre skolemiljøet til elevane. Alt som er relevant for saka, skal dokumenterast og arkiverast i mappa til eleven. Dokumentasjon skal sikre at:

- elev og foreldre får bevis for at skulen tek saka alvorleg og forpliktar seg til å hjelpe
- fylkesmannen raskt kan få oversikt om saka blir meld dit.
- at saka er tilstrekkeleg belyst ved ev. tilsyn, erstatningssak eller straffesak.

7. Informasjonsplikt og klagerett

§ 9 A-9. Informasjonsplikt og rett til å uttale seg

Samarbeidsutvalet, skuleutvalet, skolemiljøutvalet, elevrådet og foreldra skal haldast informerte om alt som er viktig for skolemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skolemiljøtiltak. Dei har rett til innsyn i all dokumentasjon som gjeld det systematiske arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø, og har rett til å uttale seg og kome med framlegg i alle saker som er viktige for skolemiljøet.

I Øystre Slidre blir føresette informerte om kapittel 9 A i skulane sitt eige infohefte som blir delt ut ved skulestart. Det skal også vere tema på foreldremøte på hausten.⁷

⁷ Informasjon til føresette om skulens plikter og elevanes rettigheter etter kapittel 9A



6. Vedlegg

Vedlegg 1. Strategiar for førebygging av disiplinproblem og mobbing

STRATEGIAR FOR FØREBYGGING AV DISIPLINPROBLEM OG MOBBING

Erling Roland (Læringsmiljøsenteret i Stavanger) seier at det er tre strategiar som kan førebyggje både disiplinproblem i klassa og mobbing:

- i. Gode lærar-elev-relasjonar
- ii. Gode rutinar i klassa
- iii. Fellesperspektiv i Felles reglar/normer

Her følgjer ei utdjuping av dei tre hovudstrategiane og kva som er viktig å gjere ved starten av eit nytt skuleår.

I. Gode lærar-elev-relasjonar

Lære namna på elevane fort – og «vite» noko om kvar elev.

Difor: Læraren har ein mini-elevsamtale med kvar elev i løpet av fyrste veka (5–10 min.). Bruk personleg tilsnakking på ein positiv måte – læraren «ser» meg.

Vise omtanke, treng ikkje vere lang tid om gongen.

Dette vil føre til godt samarbeid med dei fleste elevane.

Men læraren må vere sjef i klassa – med humane verkemiddel. Om ikkje, vil det vere umogleg å vere lærar. Er ikkje læraren sjef, er det ofte negative element mellom elevane som tek over styringa.

II. Gode rutinar i klassa

Viktig med orden og system. Sterke rammer vil gi mindre spelrom for utagerande elevar. Når det som skjer, er uføreseieleg, er det mindre å bli sint på, mindre å bli trua av.

God start på timen:

Elevane reiser seg og helsar «god dag» til læraren første timen ein er saman den dagen. Vent med helsinga til alle har reist seg og roa seg (læraren styrer helsinga).

Innarbeid gode rutinar for å kome i gang med arbeidet. Bøkene på plass.

God avslutning på timen.

Bruk klokka. «Lande» i rett tid. Syt for at timer ikkje endar i kaos – at elevane stormar ut når klokka ringjer og ikkje høyrer etter kva du seier. Då er læraren utspelt som sjef.

Førebu gjerne elevane litt på neste time, og minn om forventa åtferd i friminuttet. Har du sjølv neste time, er det verknadsfullt å seie litt om kva som skal gjerast. Framsnakk eventuell kollega som skal overta, skap positive forventningar til neste time.



God start og god slutt er mykje av psykologien for å få gode timar.

Arbeidsmåtar i klassa

Plenum

Start undervisinga i ein ny klasse i plenum, med inkluderande og fellesskapande aktivitetar. Læraren må beherske denne arbeidsforma for at dei andre aktivitetane skal bli vellykka / kunne fungere. Elevane må kunne lytte konsentrert til læraren, kunne lytte til kva andre elevar seier. Lettare å få det til å fungere når læraren kan stoffet/faget sitt godt – er god til å fortelje.

Individuelt – elevane arbeider ein og ein

Innlæring av studieteknikk

Med læringspartnar – elevane arbeider saman med læringspartnaren sin.

Gruppearbeid

Starte forsiktig – gå i små steg – korte økter. Gi elevane gradvis meir ansvar. Tilbakemelding om korleis arbeidet har fungert.

Læraren avgjer, i hovudsak, gruppесamansetjing. Pass på at ikkje uromoment samlast på ei gruppe. Få velfungerande grupper. Læraren må altså kjenne elevane når gruppearbeidet startar.

NB! For at arbeidet med å få til gode rutinar og arbeidsmåtar i ei klasse skal bli vellukka, er det svært viktig at lærarane samarbeider og praktiserer dei same rutinane!

III. Felles perspektiv. Felles reglar/normer

Klasseregler må lagast saman med elevane i klassa. Her er nokre forslag til klasseromsreglar:

Ver presis

- ✓ Ha med det du treng
- ✓ Hald orden
- ✓ Vis god arbeidsinnsats
- ✓ Gjer ditt til å skape eit godt arbeidsmiljø
- ✓ Følg beskjed
- ✓ Respekter andre og andre sine ting
- ✓ Sei ifrå når nokon ikkje har det bra



Vedlegg 2. **Rutinar ved mistanke eller kunnskap om mobbing**

Kva skjer	Kven har ansvar
1. Mistanke/kunnskap om at mobbing førekjem	Tilsette som får mistanke/kunnskap om mobbing. Tilsette som får varsling frå elev/føresette/andre
2. Kontaktlærar og rektor blir varsle. Bruk varslingsskjema!	Den som får mistanke/ kunnskap om at mobbing førekjem
3. Kontaktlærar/sosiallærar og rektor drøftar korleis dei undersøkjer situasjonen	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette
4. Utfylling av foreløpig aktivitetsplan	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette
5. Undersøking blir sett i verk	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette

TILTAK FOR Å STOPPE MOBBING

KVA SKJER	Kven har ansvar
5. Skulen undersøkingar viser at mobbing pågår <u>Dette skal stoppast</u>	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette
6. Individuell samtale med mobbeutsett elev	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette
7. Stoppsamtale med den/dei som utøver mobbing kor for seg, deretter samla	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette
8. Leiinga og kontaktlærar/sosiallærar har møte med elev(ar) som blir utsett(e) for mobbing, og hans/hennar foreldre.	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette
9. Leiinga og kontaktlærar/sosiallærar har møte med elev(ar) som mobbar og hans/hennar foreldre.	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette

OPPFØLGINGSTILTAK

KVA SKJER	Kven har ansvar
10. Aktivitetsplan blir ferdigstilt og lagra i skulen sitt arkiv, og send heim.	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette, eleven og dei føresette
11. Oppfølging av aktivitetsplan, evaluer og vurder eventuelle nye tiltak. (Kontinuerleg arbeid fram til saka blir avslutta)	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette, eleven og dei føresette
12. Vurdering om andre partar skal inn i saka: skulesjef, PPT, barnevern, politi,	Rektor i samråd med aktuelle lærarar/tilsette, eleven og dei føresette



Vedlegg 3

Varslingsskjema

Skal brukast ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, jf. oppl. § 9a-4, andre ledd, og dersom ein som arbeider ved skulen, krenker ein elev, jf. oppl. § 9a-5

Namn på den/dei som blir krenkt(e)	
Namn på den/dei som krenker	

Det gjeld	Set kryss	Bakgrunnsinformasjon	Set kryss
Mobbing		Eigen observasjon	
Vald		Den krenkte har sjølv varsla	
Rasisme		Føresett har varsla	
Diskriminering		Ein annan føresett har varsla	
Trakkassering		Annan tilsett har varsla	
Andre krenkande ord og handlingar		Medelev har varsla	
Andre forhold		Nokon utanfrå har varsla (idrettslag etc.)	

Utfyllande kommentarar frå den tilsette:

Beskriv kva du har gjort:

Er dei føresette kontakta: _____ **JA** _____ **NEI**


Dato:.....

Namn på den tilsette som har fylt ut skjemaet:



Vedlegg 4. § 9A - AKTIVITETSPLAN
NÅR ELEV IKKJE HAR DET TRYGT OG GODT PÅ SKULEN

Øystre Slidre kommune



Individuell Namn: _____

System

Saka gjeld:

Korleis skulen fekk informasjon om saka, og når:

Tiltak:	Ansvarleg:	Tidsperiode:	Evaluering (når?):

Tiltak:	Evaluering:	Eventuelle nye tiltak:

Personell

Rektor



Vedlegg 5 Informasjon til føresette om skulens plikter og elevane sine rettar etter kapittel 9A

RETT TIL EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Hausten 2017 kom det eit nytt regelverk – nulltoleranse mot mobbing. Under står litt informasjon henta frå Udirs nettsider om regelverket, og korleis skulen skal sørge for at elevane har eit godt skulemiljø.

- Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring. Det er elevane si eiga oppleveling av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande.

Skulen skal sørge for at elevane har det trygt og godt på skulen

Alle som jobbar på skulen, skal følgje med på at elevane har det bra. Dersom ein vaksen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid

- gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, dersom det er mogleg
- seie frå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og setje inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen. Dette blir kalla for skulens aktivitetsplikt. Om skulen fyller ut ein aktivitetsplan om ditt barn (som mobbar eller som mobbeoffer), vil de som foreldre få innsyn i planen.

Kva dersom ein elev blir mobba av ein tilsett på skulen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenkt av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følgje opp saka. Rektor skal då varsle skuleeigaren, som vil følgje opp saka vidare.

Melde saka til Fylkesmannen

Dersom du eller barnet ditt meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til Fylkesmannen.

- Fyrst må du ha teke opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no

Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Fylkesmannen. Du må ta kontakt med Fylkesmannen i det fylket der du bur.



Kva kan Fylkesmannen gjere?

Dersom Fylkesmannen meiner at skuleleiinga ikkje har gjort det ho skal, kan han bestemme kva skulen skal gjere for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø. Fylkesmannen skal setje ein frist for når tiltaka skal gjennomførast, og følgje opp saka. Han kan òg gi bøter dersom skulane ikkje følgjer opp.

Informasjon til barn, unge og foreldre om mobbing og rettar

På www.nullmobbing.no finn du informasjon om kva rettar elevar og foreldre har, og kva ein kan gjere dersom ein elev opplever mobbing.